

## Til styret i Fjon fjellkyrkje

Utdrag frå møteprotokoll Masfjorden sokneråd tysdag 4.juni 2024

SOKNERÅDSSAKER:

**Sak nr. S-2024/13**

**Saksutgreiing  
(Sakshandsamar:  
Rune Garmann)**

### **INNMELDING I FOREININGA FJON FJELLKYRKJE OG UNGDOMSSENTER**

På rådsmøtet for Fjon fjellkyrkje 28. mai 2024 vart det vedteke å stifte ein ny driftsorganisasjon, kalla Foreininga Fjon Fjellkyrkje og Ungdomssenter. Denne foreininga skal stå for drifta av fjellkyrkja, som Masfjorden sokn er den reelle eigar av.

Det er fastsett vedtekter for Foreininga Fjon Fjellkyrkje og Ungdomssenter, sjå *vedlegg2024-09*, og av desse går det fram at foreininga skal stå for drifta av fjellkyrkja, på vegne av eigaren Masfjorden sokn. Dette er i praksis ei fortsetjing av den ordninga som har eksistert sidan kyrkja var ny.

Som eitt av sokna i Nordhordland prosti har Masfjorden sokn rett til å vere medlem av foreininga. Men soknet må forankre medlemskapet i eit formelt vedtak om å melde seg inn.

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet i Masfjorden vedtek med dette å gå inn som medlem i Foreininga Fjon Fjellkyrkje og Ungdomssenter.

**Konklusjon/vedtak**

**Soknerådet i Masfjorden vedtek med dette å gå inn som medlem i Foreininga Fjon Fjellkyrkje og Ungdomssenter.**